



den 19.01.2017

Kommunane i Nordhordland:

Meland, Radøy, Fedje, Austrheim, Lindås, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal, og tidlegare kommunar i regionen:

Askøy for nordre Askøy og Herdla, Øygarden for nordre Øygarden og Bergen for Åsane og Arna.

### Søknad om stønad til forprosjekt for boka

#### BRÅKVITLAR

#### Mangfaldige åkle frå Nordhordland

Namnet åkle var, og er, i generell bruk over heile landet, og eldste skriftlege kjelde er frå 1500-talet. Men i Nordhordland heiter det bråkvitel frå gamalt av. Brå er ei forkorting av breie på, og til skilnad frå underkvitlane (handvovne ullteppe) måtte teppet øvst i senga vera tjukt for å varme, og mønstra og fargerikt for å pynte. Dei kunne ikkje klare seg utan desse ymse kvitlane og det vart laga mange av dei, men i dag har vi nymotens sengkledde. Gamle skikkar og arbeidsmåtar, og den spesielle «løden» i førindustrielle tekstilar står i fare for å bli gløymd. Men til alt hell er vi tre eldsjeler som ser på bråkvitlane som kulturminne det må sikrast kjennskap til for framtida. Kulturminne er spora etter menneskeleg verksemd gjennom tidene. Og nett på dette området, når det gjeld tida etter 1537, ligg ansvaret for sikring av kulturminne i lokalmiljøa gjennom politiske vedtak i kommunane, forankra i kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Mange regionar har allereie åklebok, til dømes Sogn og Fjordane, dei to trøndelagsfylka og Nordland. Nyleg kom boka «Oppstadveven – klingande steinar» ut ved Museumssenteret i Hordaland og Skald forlag, om bruk av dei gamle reiskapane og åkletradisjonane kring Nordsjøen, frå vikingtida til i dag. Marta Kløve Juuhl ved Osterøy museum er forfattar av den norske delen. (Boka er skriven på engelsk med hovudtittel: The Warp-Weighted Loom)

Kven er vi? Rannveig Reigstad frå Lindås, busett Knarvik, har sidan 1996 registrert i heimar og på museum, og ho har fakta om fleire hundre bråkvitlar. Biletkunstnar Elin Alver frå Bergen, busett Knarvik, har stor sans for gamle bråkvitlar, og ho har rekonstruert fleire med stor kløkt. Dei to stod for utstillinga «Nordhordlands-åkleet år 2000» som viste stort mangfald i Nordigardsløa på Frekhaug og i kyrkjelydshuset i Alversund. Dei har òg god kjennskap til både Maria Askeland på Hodneland, som komponerte brureåkle sjølv og vov dei på oppstadvev heile livet, den tidlegare vevstova til søstrene Jacobsen på Seim og verksemda til Anna Fammestad på Fammestad, som alle har vore bindeledd mellom gamal og ny tid og får sin naturlege plass i boka.

I 2015 valde underteikna frå Meland, busett i Jondal, «Ruteåkle frå Sæbø i Nordhordland» som sær oppgåve på den høgskulerelaterte tekstillina ved Vestnorsk Kulturakademi, Voss. Det resulterte i eit særtrykk med same tittel, sjå vedlegg. Eg har lang fartstid som kunsthandverkar i vevstova KristiAneVev, og skreiv boka; «Åklebragder frå Jondal og kring Folgefonna» på eige forlag i 2012. Eg har òg skrive heftene: «Som fell – så rye» og «ROSEspøt – RANKEmønster»

Kristi Skintveit  
N-5627 Jondal  
phone: +53 66 81 91  
mobile: 909 98 159  
e-mail: post@kristianevev.no  
web: www.kristianevev.no  
org. nr.: 977199638  
bank: 34500709628



Under førebuingane til Ullveka 2016 i Nordhordland, vart det ytra ønskje om ei åkleutstilling som Galleri Rustica i Meland tok på seg, og vi tre eldsjelene vart sette i sving. Det resulterte i over 30 bråkvitlar i utstillinga «Mangfaldige åkle frå Nordhordland», med foredrag og planar om bok. Katalog vedlagt.

Entusiasmen for å laga bok om bråkvitlane frå Nordhordland er stor, og vi er einige om å arbeida vidare med komplettering av materialet i eit forprosjekt. **Til det treng vi i første hand stønad på tilsaman kr 150 000,- frå kommunane i Nordhordland.**

Budsjett:

Søknader forprosjekt -----	15 000,-	
Reiser i regionen-----	15 000,-	
Reiser utanfor regionen -----	25 000,-	
Materiell -----	10 000,-	
Fotografering -----	30 000,-	
Kontakt med forlag -----	15 000,-	
Søknader produksjon av bok -----	30 000,-	
Uføresette utgifter -----	10 000,-	
Søknad til kommunane i gamle Nordhordland, til saman		Kr. 150 000,-
Eigendel, arbeid med forprosjektet -----	50 000,-	
Forprosjekt tilsaman -----	200 000,-	

Finansieringsplan:

Meland kommune	15 000,-	
Radøy kommune	20 000,-	
Fedje kommune	5 000,-	
Austheim kommune	5 000,-	
Lindås kommune	25 000,-	
Masfjorden kommune	15 000,-	
Modalen kommune	10 000,-	
Osterøy kommune	20 000,-	
Vaksdal kommune	5 000,-	
Askøy kommune	5 000,-	
Øygarden kommune	5 000,-	
Bergen kommune	20 000,-	
Til saman -----		Kr. 150 000,-

Deretter søker vi Hordaland fylkeskommune, Norsk Håndverksinstitutt og Norsk Kulturråd med fleire, om stønad til produksjon som skriving, omsetjing, formgiving og trykking. Eg blir skrivande redaktør og Elin og Rannveig medforfattarar. Boka vert hovudsakleg skriven på nynorsk med engelsk omsetjing i tillegg. Me ser fram til eit positivt svar.

Med vyrdsam helsing

Kristi Skintveit, MNK

Rannveig Reigstad, sign

Elin Alver, sign

Vedlegg